

Saksbehandlar: Kristian Ølmheim, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 21/3439-1

## 1.tertialrapport 2021

**Rådmannen rår formanskapet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:  
Formanskapet rår kommunestyret til å gje slikt vedtak:**

1. Kommunestyret gjer følgjande endringar i driftsbudsjettet:

Løyvingsskjema 1	-6 484 000
Administrasjon - løyvingsskjema 2	11 611 000
Oppvekst - løyvingsskjema 2	1 313 000
Helse og omsorg- løyvingsskjema 2	-8 156 000
Plan og samfunn- løyvingsskjema 2	1 716 000
Sum	0

2. Kommunestyret gjer følgjande endringar i investeringsbudsjettet:
  - a. Investeringsbudsjettet vert endra slik det går fram av vedlegg 3. Auka bruk av lån vert finansiert med ubrukne lånemidlar
  - b. Avdrag formidlingslån vert auka med 7,570 mill. kr, endringa vert finansiert ved bruk av fond
3. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å fordele sentrale budsjettavsetningar knytt til:
  - a. auka rammetilskot som følgje av covid-19 pandemien
  - b. auka kostnad lærlingar.
4. Følgjande punkt vert innarbeid i prishefte for 2021
  - a. pilotprosjekt SFO tre ettermiddagar i veka.
  - b. parkeringsatsar Hodlekve
5. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å sett i gang prosjekt som var til vurdering i økonomiplanen

### **Vedlegg:**

1. 1.tertialrapport 2021
2. Endringar i driftsbudsjett
3. Endringar i investeringsbudsjettet

### **Andre relevante dokument i saka:**

Prishefte 2021

### 1. Endringar driftsbudsjettet

Endringane er nærare omtala i tertialrapporten i tillegg er dei oppsumert pr. område i vedlegg 2 «*endringar i driftsbudsjettet*».

### 2. Endringar investeringsbudsjettet

- a. Prosjekt med endringar er omtala i tertialrapporten. Oversikt over alle prosjekt og endring i finansiering går fram av vedlegg 3 «*Endringar i investeringsbudsjettet*».
- b. Avdrag knytt til formidlingslån blir finansiert i hovudsak av innbetalingar frå dei som midlane er lånt vidare til. I år er utbetalinga allereie spesielt høg med 8,68 mill. kr. Sogndal kommune har eit fond for formidlingslån der differansen mellom avdrag som kommunen betalar på sine innlån og avdrag på utlåna blir sett inn. På grunn av at både Sogndal og Balestrand hadde midlar på fond frå før samanslåinga og store ekstraordinære innbetalingar på avdrag i 2020 var fondet på 8,9 mill. kr. Jf. kommunelova § 14-17 må dette nyttast til anten å betale ned på låna som kommunen har i Husbanken eller redusere nytt låneopptak tilsvarande. I første tertial innfridde Sogndal kommune difor gamle lån med ein verdi på 8,2 mill. kr. Den auka kostnaden på 7,570 mill. kr. på avdrag vert finansiert med bruk av bundne fond.

### 3. Fullmakt fordelingar

- a. Auka rammetilskot knytt til covid-19 pandemien  
I tertialrapporten vert det foreslått å sette av auken i rammetilskotet knytt til pandemien, 11,671 mill. kr, til seinare fordeling. Det er på noverande tidspunkt vanskeleg å talfesta kor store utgifter eller tapte inntekter dei enkelte einingane vil ha. På enkelte einingar kan det være vanskeleg å ha god økonomistyring dersom avvik vert for store i forhold til budsjettet. Rådmannen tilrår difor at rådmannen får fullmakt til å fordele den avsette summen ut på einigane etter behov.
- b. Auka kostnad lærlingar.  
Sogndal kommune har vedteke ei målsetting som tilsvarer å ha 30 lærlingar. For å nå det målet i 2021 er det behov for å auke ramma med 1,050 mill. kr. Lærlingar har ulik lønn utifrå kor lang dei er komne i utdanningsløpet og ein del av kostnaden vert refundert frå fylkeskommunen. Dette gjer at det er vanskeleg å føresjå kor mykje kostnader blir på dei enkelte einingane. Rådmannen tilrår difor at rådmannen får fullmakt til å fordele den avsette summen ut på einigane etter behov.

### 4. Endringar prishefte

Prishefte vart vedteke ilag med årsbudsjett og økonomiplan. Det er naudssynt med nokre endringar.

- a. Pilotprosjekt SFO tre ettermiddagar i veka  
Trudvang skule vil frå hausten 2021 prøve ei tilpassing av skuledagen der ein får fem meir like skuledagar. For å sikre fleksibilitet i dette pilotprosjektet er det ønskeleg at føresette skal få moglegheit til å velje eit nytt SFO-tilbod med tre ettermiddagar i veka. Dette er eit tilbod som ikkje er i prisheftet, og som

difor bør leggst inn. Pilotprosjektet må evaluerast og vurderast om skal vidareførast. Konsekvensar for SFO-tilbodet på sikt må inngå i den vurderinga. Rådmannen tilrår at kommunestyret tek inn tilbod om ettermiddagsplass tre dagar i veka i prisheftet ved Trudvang skule. Tilbodet får ein pris på kr. 1300 i månaden. Matpengar på kr 200 i månaden kjem i tillegg.

b. **Parkeringsatsar Hodlekve**

Parkeringsatsane for offentleg parkering i Hodlekve vart ikkje med i betalingsheftet vedteke i samband med budsjett for 2021.

Det vert lagt opp følgjande satsar for 2021.

<b>Hodlekve</b>	<b>2021</b>
Parkeringsavgift pr.time	20,8
Dagsatsar	80
Bubilparkering på tilrettelagt område pr.døgn	200
Årskort	1080

Satsane er oppgitt utan mva.

## **5. Oppfølging av investeringsprosjekt**

I saksprotokollen til budsjett og økonomiplan vart det under punkt 2 e), lista opp ein del prosjekt som skulle vurderast og sjåast i samhang med andre investeringbehov i økonomiplanperioden. Nokre av prosjekta har finansiering i 2021, og det er for rådmannen sin del behov for å sette i verk investeringane knytt til

21101 IKT investeringar

21304 Ombygging Sogndal Kulturhus

21306 Toalett og bårerom Leikanger

21402 Gangveg Nornes